

## Av nasjonal interesse

I Hordaland er ni landskap, blant anna Etne, utvalde til å vere med i Riksantikvaren sitt register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. For tida arbeider Riksantikvaren med å etablere eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse, på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet. Målet er å tydeleggjere kva for nokre kulturhistoriske landskap i Noreg som er av interesse for heile landet, for slik å kunne bidra til at arealplanlegginga blir meir føreseieleg. Tanken er at ein bør ta omsyn til desse nasjonale landskapsverdiene ved kommunal planlegging, samferdsels- og kraftutbygging. At eit landskap er med i registeret, inneber ikkje automatisk formelt vern. (NPK)

## Lettare å kjøpe og selje bil

Statens vegvesen lanserer no ei betalingsløyning for omregistreringsavgifta til bilar på nett. Sidan det allereie er mogleg å levere salsmeldinga på nett, kan heile salsprosessen dermed gjerast på vegvesen.no. Folk kan derfor få både kjøpt og selt ein bil utan å måtte møte opp på trafikkstasjonen, melder Samferdselsdepartementet. Den nye betalingsløyninga for omregistreringsavgifta på nett, gjer at den enkelte etter at betalinga er utført, sjølv kan laste ned og skrive ut mellombels vognkort og ta i bruk køyretøyet. Det føreset at alle andre forhold er i orden, som til dømes forsikringa. (NPK)

# Vurderer seinare middag



Kjøkkensjef Tone Areskjold og dei andre tilsette ved kjøkkenet på Ølen omsorgssenter lagar dagleg rundt 150 middagsporsjonar.

Ved omsorgssentra i Vindafjord og Etne kommune er dei opne for å testa ut effekten av seinare middagsservering.

IRENE MÆLAND HARALDSEN

Kosthald har stor verdi for helse og trivsel og kan førebyggja ei rekkje sjukdomar. Eit godt måltid i eit hyggeleg miljø bidreg til matglede og auka matlyst, og den siste tida har det vore auka fokus på ernæring blant dei eldre. Altfor mange pasientar ved institusjonar rundt om i landet får i seg for lite mat og helsedirektoratet anslår at ein stad mellom 20 og 50 prosent av pasientar på institusjon har ein underernæringstilstand. Eit verkemiddel til å betra situasjonen kan vera å sjå på tidspunkt for matsservering.

### Endra middagstid

Klokka har passert eitt på dagen. Det betyr tid for middag på Vindafjordtunet, og rundt middagstid på demensavdelinga set nokre av bebuarane klare til å innta dagens hovudmåltid. Tidlegare fekk dei middagen servert ein halv time før, men etter nyttår er middagstida endra. Og går det som avdelingsleiaren ved demensavdeling sør håpar kan tidspunktet bli ytterlegare endra. — Me har lyst til å prøva ut sein middagsservering, gjerne i tre eller fire tida, seier avdelingsleiaren Annelin Bauge ved demensavdeling sør.

Ho har gått med planar om



For Konstanse Øvregård (98) har det lite å seia kvar tid middagen kjem på bordet. Her saman med avdelingsjukepleiar Annelin Bauge ved Vindafjordtunet som y

seinare middagsservering lenge, og trur middag på ettermiddagen kan vera positivt både med tanke på inntak av mat og ro kring måltidet.

— Eg håpar og trur det kan bli ein rolegare middag. På ettermiddagen er dei daglege og rutineprega gjeremåla unnagjort, visitten er over og personalet har betre tid. Me får betre tid til å snakka med bebuarane rundt middagsbordet og kanskje kjem dei til å eta meir. Det kan bli litt kort tid mellom frukost og middag i dag. Tida vil visa kva resultat me får, seier ho og har lufta planane for dei

tilsette på avdelinga.

— Personalet er endringsvillige, men dersom middagen skal serverast på ettermiddagen må ettermiddagsskiftet ta det, seier ho.

### Påverkar kjøkenet

Vindafjordtunet får middagsmaten levert frå hovudkjøkenet ved Ølen omsorgssenter. Her vert maten køyrt ut til Vindafjordtunet og heimebuande som ynskjer å få varm mat levert på døra. Ei endring i rutinane ved Vindafjordtunet krev difor ei omlegging også ved kjøkenet i Ølen.

— Maten kjem til oss i 12 tida. Den kan ikkje stå i varmeboks heilt til klokka fire, så ei even-

« får betre tid til å snakka med bebuarane rundt middagsbordet

tuell omlegging må samkøyrast med kjøkenet i Ølen. Korleis det praktiske skal løysast er uvisst, seier Bauge som eventuelt må

erstatta middag med lunsj dersom prøveprosjektet vert sett ut i live.

— I dag får bebuarane frukost rundt klokka ni, middag klokka eitt, kaffi rundt halv fire, kvelds i seks tida og eventuelt suppe før sengetid. Blir middagen flytta må middagsmåltidet erstattast, seier ho.

### Ulike behov

Sjølv om måltida vert serverte til faste tider er det rom for individuelle ynskje, og dei som synest det høver betre å eta middag litt seinare, kan få maten sett av.

— Personalet er flinke til å